

Har Uskedalen den mest høgtytande kua i 2015?

01.04.2016



Er Rakel Noregs mest høgtytande ku? På beite i august.

Det er 9-10 tusen mjølkeproduserande buskapar i landet. 7000 har fått godkjend rapport, og nyleg vart dei mest høgtytande buskapane i 2015 presentert på buskap.no. Her kom buskapen til Hans Reidar Kjærland heilt oppe som nr.8 blant dei om lag 3500 buskapane som har opptil 20 årskyr.



Godt stell er grunnlaget for resultatet.

Kjærland hadde 17,2 årskyr i 2015, og desse leverte i gjennomsnitt 11016 kilo energikorrigert mjølk. Energitkorrigert betyr at den er justert i høve til innhald av feitt og protein. Gjennomsnittet på dei 200.000 kyrne i Noreg er ca. 8100 kilo. I denne samanheng kan det også vera verd å nemna at kyr i robot-fjøs normalt har 10-15% høgare yting då dei vert mjølka oftare og får kraftfor etter kvar mjølking. Dette gjeld i hovudsak større besetningar, over 40 årskyr. Kjærland har tradisjonelt fjøs utan robot. Resultatet til Kjærland er den klart høgaste målinga i Kvinnherad nokon sinne. Torsdag vart det gjort litt stas på bonden på Kjærland då Audun Økland frå kraftforprodusenten Fiskå Mølle Etne AS overrekte blommar og diplom slik dei plar gjera til dei som kjem på den eksklusive lista.

Blant dei gode kyrne til Kjærland er det ei som har utmerka seg heilt spesielt. Namnet er Rakel, men burde vore Mirakel.

- Eg kjøpte den søranfor, og den er ein krysning der rasen hovudsakleg er holstein. I fjor leverte Rakel heile 17360 kilo energikorrigert mjølk. Eg har aldri høyrte om høgare yting, seier Kjærland og fortel at han har prøvt å få greie på om det er den mest høgtytande kua i landet, men han har førebels ikkje fått svar frå Tine. Det er ganske sansynleg, for kua som vert omtala som den mest høgtytande i 2014 låg over tusen kilo under; - 16328 kilo.



[Audun Økland overrekkje blomar og diplom som påskjøning til den dugande bonden](#)

Slike gode resultat kjem ikkje av seg sjølv. Kjærland seier at oppskrifta er godt avl, godt for, både grovfor og kraftfor, og god dyrehelse. Når det gjeld det siste, har bonden på Kjærland satsa utradisjonelt. I staden for antibiotika i samband med sjukdomar vert det nytta homeopati.

- Dei siste 20 åra har vi ikkje brukt antibiotika i samband med jurbetennelse. Vi har svært god erfaring med homeopatibehandling også i andre sjukdommar som for eksempel ved kalvingsvanskar. I samband med det kan vi også nytta mjølka i langt større grad i sjukdomsperioden enn om vi brukar antibiotika., Han fortel at denne behandlingsforma vert lite brukt på dyr her i landet, medan dei derimot ligg langt framme når det gjeld dette i Mellom-Europa. Han treng heller ikkje gå langt etter homeopaten. Sambuar Anne Marit Myhre har nemleg solid homeopatiutdanning.

Vi gratulerer Anne Marit og Hans Reidar med det fantastiske resultatet!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hans R. Kjærland og Elisabeth Berg Hass/Kvinnheringen